

KONSEKVENSTUTGREIING OG ROS-ANALYSE

KONSEKVENSTUTGREIING OG RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE AV NYE
UTBYGGINGSOMRÅDER I KOMMUNEPLANENS AREALDEL



Midt-Telemark

kommune

Kunde: Midt-Telemark kommune

Prosjekt: KPa Midt-Telemark kommune

Prosjektnummer: 10216210

Dato: 12.08.2020 Rev.: 2

Samandrag:

Notatet visar fram resultatane av konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse av nye utbyggingsområder i kommuneplanens arealdel for Midt-Telemark kommune

Rapportatingsstatus:

- Endleg
- Oversending for kommentar
- Utkast

Utarbeida av:	Sign.:
Espen M. Drange, Svenja D. Roncossek	NODRAN, NOSVRE
Kontrollert av:	Sign.:
Alexander Stettin	NOALST
Prosjektleiar:	Prosjekteigar:
Alexander Stettin	Bjarne Geir Nenseter

Revisjonshistorikk:

0	08.06.2020	Første utkast	Fleire	NOALST
1	02.07.2020	Etter gjennomgang i arbeidsgruppe	NODRAN	NOALST
2	12.08.2020	Etter tilbakemelding frå MT kommune	NODRAN	NOALST
Rev.	Dato	Omtale	Utarbeida av	Kontrollert av

Innhold

1 Samanstilling	4
2 Medverknad og involvering	5
3 Metode for konsekvensutgreiing	5
3.1 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag	6
3.2 Vurdering av verdi og omfang (konsekvensvurdering)	6
3.3 Samla vurdering og konklusjon.....	6
3.4 Vurdering av attraktivitet og bukvalitet	7
4 Metode for ROS-analyse	7
4.1 Generell skildring av metode	7
4.2 Kva kan gå gale? - Identifisere mogelege uønskte hendingar	8
4.3 Sannsynsvurdering	8
4.4 Konsekvensvurdering.....	9
4.5 Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit	9
4.6 Kjelder	9
5 Vurdering av risikoar i enkeltområde	11
6 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for innspelsområda.....	13
6.1 1, Breisås, gnr./bnr. 51/1	13
6.2 2 Nordbøåsen, gnr./bnr. 54/3, 4, 5.....	17
6.3 7, Ødegårdsfeltet, gnr./bnr. 191/5	20
6.4 22, Slåttedalen, gnr./bnr. 16/8	24
6.5 28, Grivijordet, gnr./bnr. 47/274, 47/343, 47/349	27
6.6 31, Skjelbreid, gnr./bnr. 9/32, 98, 501	30
6.7 56, Liagrenda, gnr./bnr. 104/27	33
6.8 30, Herremo, gnr./bnr. 28/6/1 og 28/6.....	36
6.9 32, Rallevegen, gnr./bnr. 1/8	39
6.10 38, Hørte, gnr./bnr. 188/35	42
6.11 42, Brenna, gnr./bnr. 191/29,30.....	45
6.12 33, Folkestadåsen, gnr./bnr. 9/2	48
6.13 36, Vårbusvingen, gnr./bnr. 18/9.....	51
6.14 45, Evju Bygdetun, gnr./bnr. 188/14.....	55
6.15 46, Notevarp, gnr./bnr. 178/284.....	58
Vedlegg A: Kunnskapsgrunnlag.....	61
Vedlegg B: Vurderingskriteria for verdi og omfang	63

1 Samanstilling

I Tabell 1-1 er alle arealinnspela som er konsekvensutgreidd lista opp med tilråding og vilkår.

Tabell 1-1 Samanstilling av utgreiinga for alle arealinnspela med tilråding og vilkår.

Innspelnr.	Namn	Føremål	Tilrådd	Vilkår
1	51/1 - Breisås	Bolig	Nei	
2	54/3,4,5 -Nordbøåsen	Bolig	Nei	
7	191/5 - Ødegårdsfeltet	Bolig	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Geoteknisk undersøking - Gangveg langs skuleveg ved innspelsområdet
22	16/8 - Slåttedalen	Fritidsbolig	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Område 22B går ut - Myra i 22A skal ikke inngå i formålet - Støytihøve må dokumenterast
28	47/274,343,349 – Grivijordet	Sentrums-formål		
31	9/32,98,501 – Skjelbreid	Fritids- og turistformål	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiling av skogbrann
56	104/27 – Liagrenda	Fritids- og turistformål	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Geoteknisk undersøking - Dokumentasjon om flaum
30	28/6/1,28/6 - Herremo	Næring	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Geoteknisk undersøking - Kartlegging av naturmangfold - Vurdere behov for miljøoppfølgingsplan - Avklare grense mot drikkevasskjelde
32	1/8 – Rallevegen	Næring	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Rekkefølgekrav om tilbakeføring av eksisterande anlegg før nytt anlegg vert tatt i bruk - Vurdering av trafikktryggleik langs Rallarvegen - Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiling av skogbrann

38	188/35 – Hørte	Næring	Nei	
42	191/29,30 – Brenna	Næring	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Geoteknisk undersøking - Dokumentasjon om flaum - Plan for å ivareta dyrka jord som fjernast - Tilkomst må avklarast i reguleringsplan
33	9/2 - Folkestadåsen	Råstoff-utvinning	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Etterbruk må vurderast
36	18/9 – Vårbusvingen	Råstoff-utvinning	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Støyvurdering - Vurdering av luftforureining - Vurdering av rasfare - Vurdering av trafikktryggleik - Vurdering etterbruk i reguleringsplan
45	188/14 – Evju Bygdetun	Offentleg eller privat tenesteyting	Ja	<ul style="list-style-type: none"> - Geoteknisk undersøking - Dokumentasjon om flaum - 45B går ut
46	178/284 – Notevarp	Andre typar busetnad og anlegg	Ja	Ingen.

Innspel innanfor gjeldande KDP Lifjell ikkje er vurdert, jf vedtak i formannskapssak 66/20 om at kommunedelplan for Lifjell ikkje vert innlemma i ny arealdel.

2 Medverknad og involvering

Sweco Norge AS er ansvarleg for gjennomføring av ROS-analysen og konsekvensutgreiinga.

Midt-Telemark kommune bidrar med:

- Avklaring og stadfesting av forslag til opplegg
- Utkast til innleiane vurdering og ROS-analysen
- Tilgang til tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag
- Grovsiling av arealinnspele

Fagpersonar frå Sweco og Midt-Telemark kommune bidrog der enkeltsaker og enkelttema krev det.

3 Metode for konsekvensutgreiing

Miljøverndepartementet (MD) sin rettleiar «Konsekvensutgreiingar – kommuneplanens arealdel» (2012) er nytta som grunnlag for analysen. Rettleiaren vektlegg at det blir gjort ei vurdering av kva konsekvensar det aktuelle innspelet/endringa får med fokus på strategiske problemstillingar og tema.

Utgreininga skal gje eit godt nok grunnlag for å avgjere om det aktuelle området er eigna til foreslått arealbruk.

3.1 Utgreiingstema og kunnskapsgrunnlag

Moment som er lagt vekt på ved vurdering av verdi og omfang/konsekvens for dei einskilde fagtema, samt korleis kunnskapsgrunnlaget skal nyttast i utgreininga er lista opp i tabell 1 i vedlegg A.

3.2 Vurdering av verdi og omfang (konsekvensvurdering)

Kvar tema og innspelsområde har fått ein verdi (på ein skala frå 1-3) og eit omfang (på ein skala på 1-3). Korleis ein har kome fram til rett tal på verdi og omfang kan ein lese i vedlegg B, tabell 1 og 2.

Ved vurdering av omfang er det gjort ei heilskapleg vurdering, basert på avgrensing av området, føremålet med innspelet, topografi, omtale av verdi og lokalkunnskap.

Vurderingane er gjort opp mot 0-alternativet, som legg til grunn at dagens planar og arealføremål kan byggast ut, medan framtidige planar ikkje blir utbygde.

Konsekvensen av inngrepet er summen av verdien og omfanget. Tabellen nedanfor viser korleis omfang og verdi bli sett opp mot ein annan.

Tabell 3-1: Konsekvenstabell.

Omfang/verdi	1 (liten verdi)	2 (middels verdi)	3 (stor verdi)
+3 (Stort positivt omfang)	1/+3	2/+3	3/+3
+2 (middels positivt omfang)	1/+2	2/+2	3/+2
+1 (lite positivt omfang)	1/+1	2/+1	3/+1
0 (inga omfang)	1/0	2/0	3/0
-1 (lite negativt omfang)	1/-1	2/-1	3/-1
-2 (middels negativt omfang)	1/-2	2/-2	3/-2
-3 (stort negativt omfang)	1/-3	2/-3	3/-3

Fargane indikerer følgjande:



Einsidig negativ
Delvis negativ/usikker
Ingen relevans eller positivt

For å oppfylle krava for fargesetting må ikkje alle kriteria vere oppfylt. Til dømes kan eit område vurderast til raudt under temaet ureining, sjølv om berre støy slår ut.

3.3 Samla vurdering og konklusjon

Det er gjort ei samla vurdering av konsekvens basert på resultata av vurdering av konsekvens for dei einskilde tema, fagleg skjønn og lokalkunnskap, samt ei vurdering av korleis området passar med overordna arealstrategiar.

I konklusjonen blir det nytta tre kategoriar:

- Tiltaket kan tilrådast
- Tiltaket kan tilrådast, men i planprosessen bør det gjerast grep og/eller endringar til dømes i form av reduksjon av areal, rekkjefølgjekrav, dokumentasjonskrav mm.
- Tiltaket kan ikkje tilrådast.

3.4 Vurdering av attraktivitet og bukvalitet

For områda som vurderast som gjeld bustadføremål er det også gjort ein vurdering om å vere attraktive nok for å folk ha lyst til å flytte til Midt-Telemark kommune. Forholda som kan påverke positiv er tilknyting til tettstad, nærliek til sentrale funksjonar, utsikt, solforhold og andre spesielle kvalitetar. Forholda som kan påverke negativ er kraftleidningar og støykjelder, dårlege solforhold eller andre forhold som blir uattraktive for bustad. Korleis ein har kome fram til tal på verdi og omfang kan ein lese i vedlegg B, tabell 3 og 4. Vurderinga kan i stor grad vere subjektiv og inngår ikkje i den endelige vurdering og konklusjon om tiltaket kan tilrådast eller ei.


4 Metode for ROS-analyse

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sin rettleiar «Samfunnssikkerhet i kommunenes arealplanlegging» (2017) er nytta som grunnlag for analysen. Føremålet med ei ROS-analyse er å bidra til tryggleik for liv, helse og eigedom, og å bidra til å sikre samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og hindre ei utvikling som truar viktige føresetnader for dette.

ROS-analsesen for kommuneplanen er utført på eit overordna nivå. Det vil seie at det er nytta tilgjengelege datakjelder, som i liten grad er supplert med ny informasjon. At det er gjennomført ei ROS-analyse på kommuneplannivå betyr ikkje at eit område er godt nok utgreidd i samband med detaljregulering, men det gjev ein peikepinn på kva risikoar som me veit er i området, og at ein ut i frå dette vurderer om ei utbygging vil kunne vere mogleg eller ikkje bør tilrådast.

4.1 Generell skildring av metode

Ei fullstendig ROS-analyse består av desse fem stega (sjå figur under).



Figur 4.1. Dei fem stega i ei ROS-analyse (kjelde, DSB; 2017).

Tabellen under viser viktige omgrep og forklaringar.

Tabell 4-1: Viktige omgrep.

Omgrep	Skildring
Sannsyn	Eit mål for kor truleg det er at ei bestemt hending skjer i planområdet innanfor eit visst tidsrom.
Konsekvens	Verknaden den uønskt hendinga kan få i eit planområde eller utbyggingsføremålet.
Uvisse	Vurdering av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for ROS-vurderinga.
Tiltak /barrierar	Barrierar er eksisterande tiltak som kan redusere risiko. I oppfølginga av funn frå ROS-vurderinga kan det bli avdekt behov for nye tiltak for å redusere risiko og sårbarheit.
Akseptkriterium	Kriterium som vert lagt til grunn for avgjersler om godtatt risiko.

Det er gjort ROS-analyser for kvart innspelsområde. Desse ligg saman med konsekvensvurderinga av dei einskilde områda. Denne ROS-analysen skal tene som grunnlag for eventuelle vidare vurderingar. Det er naudsynt med meir detaljerte vurderingar av områda som truleg har risiko og sårbarheit.

4.2 Kva kan gå gale? - Identifisere mogelege uønskte hendingar

I kapitel 5 er det gjort ein overordna vurdering og oppsummering av kva hendingar som kan skje i dei ulike områda.

For å identifisere mogelege uønskte hendingar er følgjande sjekkliste/ kunnskaps-grunnlag nytta:

- Sjekkliste/skjema for kommunens arealplanlegging (DSB rettleiar, 2017)
- Diverse informasjonskjelder: Miljøstatus.no, NVE Atlas, NGU kartteneste

Kvar utbyggingsområde er utgreidd etter dei same hendingane og med det same kunnskapsgrunnlaget.

4.3 Sannsynsvurdering

Ei ROS-vurdering er tredje steget i ROS-analysen og er ei vurdering av kvar av dei identifiserte uønskte hendingane. For å sikre dette, er gjennomført ei generell vurdering av dei mogelege hendingane med omsyn til sannsyn, konsekvens og sårbarheit. Resultata visast i kapitel 5.

Risiko og sårbarheit ved ei uønskt hending ligg i spennfeltet mellom sannsynet at hendinga skjer og konsekvensen dersom hendinga skjer.

Sannsyn blir vurdert ved å bruke følgjande grenseverdiar.

Tabell 4-2: Grenseverdiar for sannsynsvurdering.

SANNSYNSKATEGORIER	TIDSINTERVALL	SANNSYN (PER ÅR)
Høg	Oftare enn 1 gang i løpet av 10 år	> 10 %
Middels	1 gang i løpet av 10–100 år	1–10 %
Låg	Sjeldnare enn 1 gang i løpet av 100 år	< 1 %

4.4 Konsekvensvurdering

Konsekvens blir vurdert ved å bruke følgjande grenseverdiar.

Liv og helse: Liv og helse vurderast ut frå tal døde, skada på grunn av ein uønska hending.

Tabell 4-3: Konsekvenskategoriar for liv og helse.

K	Konsekvens-kategoriar	Dødsfall	Skader	Forklaring
K3	Høg	>5	>20	Over 5 dødsfall og/eller over 20 skadde
K2	Middels	1-5	3-20	1-5 dødsfall og/eller inntil 20 skadde
K1	Låg	Ingen	1-2	Ingen dødsfall men inntil 2 skadde

Stabilitet: Stabilitet vurderast ut frå konsekvensar for befolkninga (tal og varigheit) som blir råka av hendingane gjennom svikt i kritisk samfunnsfunksjonar, og som kan bidra til manglande tilgang på mat, drikke, husly, varme, kommunikasjon, framkomeleghet etc.

Tabell 4-4: Konsekvenskategoriar for stabilitet.

K	Konsekvens-kategoriar	Forstyrringar i daglelivet
K3	Høg	Ikkje moglegheit til å koma seg til jobb/skule/osv. den dagen det skjer ei hending. Fråvær av viktig infrastruktur over fleire dagar.
K2	Middels	Lang kø på veg til jobb/skole/osv. ved ei hending på opptil 24 timer. Fråvær av viktig infrastruktur i opptil 24 timer
K1	Låg	Redusert mobilitet i kortare periodar på grunn av ei hending og påfølgande tapt arbeidstid i nokre timer. Kortvarig fråvær av viktig infrastruktur.

Materielle verdiar: Materielle verdiar vurderast ut frå direkte kostnader som følge av ei uønska hending i form av økonomiske tap knyttet til skade på eigendommen.

Tabell 4-5: Konsekvenskategoriar for materielle verdiar.

K	Konsekvens-kategoriar	Økonomisk tap/materielle verdiar
K3	Høg	Større skade på tunnel, veg og/eller bru (> 5 mill.nok)
K2	Middels	Skade på en eller fleire biler og mindre skade på veg (500 000 – 5 mill.nok)
K1	Låg	Liten eller ingen skade på biler, veg og/eller tunnel (< 500 000 nok)

4.5 Identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit

For å identifisere tiltak for å redusere risiko og sårbarheit er det primært to spørsmål som skal nyttast

- Kva kan vi gjere for å hindre dette?
- Kva kan vi gjere for å redusere konsekvensane dersom det skjer?

Det blir ikkje gjort detaljerte vurderingar av eventuelle tiltak, og det vil ikkje bli bestemt sannsyn- og konsekvensgrad etter gjennomført tiltak i denne ROS-analysen. Det er naudsynt med fagutgreiingar dersom risiko og sårbarheit er vurdert som høg eller uviss. Dette skal sikrast i føresegnene til kommuneplanens arealdel.

4.6 Kjelder

Publikasjonar:

-
- Klimaprofil for Telemark (rev.2017)
 - Fylkes-ROS for Telemark (2020)
 - Overordna ROS for Midt-Telemakr kommune (2019)

WMS-tenester og andre datakjelder:

- NVE: Flomsoner
- NVE: Aksomhet Flom
- NVE: Aksomhet jord- og flaumskredfare
- NVE: Kvikkkleire
- NVE: Aksomhet steinras
- NGU: Marin grense
- NGU: Løsmasser
- NGU: Grus og pukk
- NGU: Granada (nasjonal grunnvannsdatabase)
- Miljødirektoratet: Grunnforurensing
- Miljødirektoratet: Naturtyper håndbok 13
- NIBIO: AR50
- NIBIO: AR5
- Artsdatabanken: Data frå artskart
- Riksantikvaren: Kulturminner
- NVDB (nasjonal vegdatabase)
- BaneNor: Støysoner for Bane Nors jernbanenett
- SVV: Støysoner
- Midt-Telemark kommune: VA-nett, barnetråkk, friluftsområde, sti- og løypekart

5 Vurdering av risikoar i enkeltområde

Tabellen nedanfor viser kva risiko- og sårbarheitstilhøve som gjeld for kvar del av planområdet.

Tabell 5-1: Uønska hendingar (kategorisert) og deira betydning for planområdet

	Forhold som kartleggast	Relevant for kva område	Forklaring
Naturrisiko			
Skredfare/rasl/Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Kan området vere utsett for snø- eller steinskred? Kan området vere geoteknisk ustabilt? Kan det vere fare for utgliding/setningar på tilgrensande område med masseutskifting, varig eller midlertidig senking av grunnvatn m.m.?	7, 28, 30, 32, 36, 38, 42, 45, 46, 56	Skredaktsemråde og/eller fareområde i heile eller delar av området. Heile eller delar av området ligg under marin grense eller har lite marin påverking. Kartlagt kvikkleirerisiko i heile eller delar av området
Flaum/storflaum	Kan området vere utsett for flaum i sjø/elv/bekk?	42, 45, 46, 56	Flaumaktsemråde i delar eller heile området Det finns indikasjon på at overvatn kan bli problematisk i området.
	Kan drenering føre til flaum i nedre områder?		
Ekstremvêr	Kan området vera ekstra eksponert for aukande vind/ekstremnedbør?		Ekstremvêr kan forsterke en rekke hendingane som er omtalt i andre kategoriar Skredhendingar kan skje på stader der det ikkje før har vore registrerte skred.
Skog/lyngbrann	Kan området vera eksponert for skog eller lyngbrann?	1, 2, 7, 22, 31, 32	Alle områdar som ligg i tilknyting til utmark. Føremål som legg til rette for opphold eller store materielle verdiar er ekstra sårbare.
Regulerte vatn	Er det opne vatn i nærleiken, med spesiell fare for usikker is eller drukning?		Relevant for alle bustad- og fritidsbustad i nærleiken av regulerte vassdrag.
Terreng-formasjonar	Finnes det terrengformasjonar som utgjer en spesiell fare? (stup m.m)	33	Relevant for alle bustad- og fritidsbustad som ligg i bratt eller kupert terren.
			Relevant for masseuttak/råstoffutvinning (for eksempel i nærleiken til turområde)
Samfunnsikkerheit			
Kritisk infrastruktur	Finst det faktorar i og rundt planområdet som gjer at det er auka risiko for bortfall av elektrisitet, data, og TV-anlegg, vassforsyning, renovasjon/spillvatn Vegar, bruver og tunellar (særleg der det ikkje er alternativ tilkomst) Er tiltaket ekstra sårbart for bortfall av kritisk infrastruktur?	1, 30	Område ved Herremo (30) ligg i nærleiken av drikkevasskjelde. Tiltak i dette område kan potensielt påverke vassforsyning.
Høgspent/energiforsyning	Vil tiltaket endre (svekka) forsyningssikkerheita i området?	22, 30	Ingen av innspelsområda utgjer nokon risiko for energiforsyning i området.
Tenester som skule, barnehage, helse-institusjonar, naud- og redningstenester	Vil tiltaket endra (svekka) brann- og redningstenester i området?		Tenester som skule, barnehage, helseinstitusjonar, naud- og redningstenester er ikkje lokalisert i innspelsområda, eller blir direkte påverka av formålsendringane.
	Har området berre ei mogleg tilkomstute for brannbil?		

Terror og sabotasje	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje/terrormål? Er det terrormål i nærleiken?		
Trafikk			
Ulykkespunkt	Er det kjente ulykkespunkt på transportnettet i området?	36, 42, 56	Ein del registrerte trafikkulykka på rv.36 mellom Bø og Gvarv. Området 42 ligg inntil rv.36.
Farleg gods	Er det transport av farleg gods gjennom området? Førgår det fyllings/tømming av farleg gods i området?		
Mjuke trafikantar	Er det spesielle farar forbundet med bruk av transportnettet for gåande, syklande og køyrande innanfor området? (Ved kryssing av veg, därleg sikt, komplisert trafikkbilde, lite lys, høg fart/fartsgrense?) Til barnehage/skule Til idrettsanlegg, nærmiljøanlegg Til forretningar Til busstopp	1, 2, 7, 32, 33, 38	Nordbøåsen (2) og Ødegårdsfeltet (7) manglar fortau langs delar av skuleveg. Rallevegen (Herremo/30) er del av eit populær turnettverk. Hørte (38), ein del tungtrafikk langs Sætrevegen, Sætrevegen ikkje tilrettelagt for mjuke trafikantar. Folkestadåsen (33), tursti i og rundt området
Ulykker i nærliggande transportårer	Vil utilsikta hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer utgjere ein risiko for området? Hendingar på veg Hendingar på jernbane Hendingar på sjø/vatn/elv Hendingar i lufta		
Verksemderisiko			
Tidlegare bruk	Er området (sjø/land) påverka/forureina frå tidlegare verksemder? Industriverksemde, derunder avfallsdeponering? Militære anlegg, fjellanlegg, piggrådsperringar? Gruver, opne sjakter, steintippar o.l.? Landbruk/gartneri?		
Verksemder med fare for brann og eksplosjon	Er det verksemder i nærleiken som kan medføre ein fare for tiltaket?	33, 36, 38	Herremo (30), parkeringsplass for lastraller kan auka fare for brann og eksplosjon Utviding av eksisterande Sandtak på Folkestadåsen (33) ville medføre sprengingsarbeidet
	Vil tiltaket auka fare for brann og eksplosjon?		
Verksemder med fare for kjemikalie-utslepp eller anna akutt forureining	Er det verksemder i nærleiken som kan medføre en fare for kjemikalieutslepp eller anna forureining?	3, 22, 30	
	Vil tiltaket auka fare for brann og eksplosjon?		
Høgspent	Går det høgspentmaster eller jordkabler gjennom området?	3, 22, 30	

6 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse for innspelsområda

6.1 1, Breisås, gnr./bnr. 51/1

	Område: Breisås Areal: 82 daa Føremål: Bustad Eksisterande arealbruk: Friluftsliv, barskog Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_4), innanfor Tettstadsgrense Reguleringsplan: Ingen
---	--

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	-2	-3	Einsidig negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. 82 nye bustader kan medføre auka støy for bustader langs tilkomstvegen gjennom eksisterande bustadfelt, og kan medføre støydemprande tiltak på eksisterande bustader. Det er ingen registrerte støykjelder i nærleiken, avstand til jernbane og fv.359 er over 800 m.
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med barskog av lav til middels bonitet. Del av et større skogsområde. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Gulspurv, taksvale og sandsvale er registrert i nærleiken av innspelsområdet.
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte vassressursar innanfor området. I bustadfeltet ved Konglevagen er det fleire fjellbrønnar for vassforsyning. Det er ingen registrert lausmasseressursar.
Kulturminne og kulturmiljø	1	-1	Delvis negativ	Det er registrert Busetting-aktivitetsområde med 2 kulturminne med uavklart vernestatus innanfor området. Rett vest for innspelet er det registrert eitt kulturminne inne i bustadområde langs Furutoppen. Lite potensial for funn.
Landskap og byrom	2	-1	Delvis negativ	Urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde.
Grønstruktur og friluftsliv	3	-3	Einsidig negativt	Omsynssone friluftsliv Breisås, kartlagt som svært viktig friluftsområde (A). Turløype og

				skiløype går gjennom den sørlege delen av området, viktig tursti rett nord for området, Fleire turstiar i nærlieken. Mange registreringar frå Barnetråkk i og nær området indikerer staden som mykje brukt. Kan påverka friluftsliv og tilgang til naturterren negativ.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag, men fleire energibrønnar i nærlieken. Potensial for energibrønnar.
Klimagassutslepp	3	-2	Einsidig negativ	Ca.82 nye bustader gir en auke i ÅDT på ca.213 (2,6 turar per bustad). Daglege turar vil truleg bli bilbasert, og Bø skule ligg meir enn 30 min gange for 1.-4.trinn. Det må utgreiaast g/s-løysingar for å redusere biltrafikk som følgje av føremålsendringa. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	2	-1	Delvis negativ	Bø skule 1-7 trinn ligg ca.30 min gange for 5-7 trinn, meir enn 30 min for 1-4 trinn, 10min med sykkel til skule, 30 min frå nærmeste barnehage ligg ca.900 m unna. Det er 2,7 km til skulen og det utløyser behov for skuleskyss for 1.trinn. Det går sykkelroute/fortau til Bø skole og barnehage. Lokalbuss stoppar i Konglevegen rett ved området, elles er det dårleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde.
Teknisk infrastruktur	2	-3	Einsidig negativt	Behov for nytt vasstårn og pumpestasjon for å løfte vatnet opp. Kapasitet på Borgjabrua må vurderast, den hadde i 2014 ein ÅDT på 3250. Tilkomst via Venåsvegen, behov for mellom 100-200m ny veg.
Sosial infrastruktur	2	-2	Delvis negativ	Avstand til skule over 2 km, og barnehage er under 1 km. Ikke ekstrakapasitet på skule.
Folkehelse og universell utforming	3	-1	Delvis negativ	God tilgang til natur- og friluftsområde. Fleire turstiar og skiløyper i nærlieken. Sykkelroute gjennom Konglevegen rett vest for området. Området har potensial for universell utforming dersom terrenget vert brukt godt. Nærturområde for eksisterande bustadfelt blir lengre unna og høgare opp.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	3	-2	Einsidig negativt	Barnetråkk viser at området blir svært mykje brukt av barn og unge i dag. Ei utbygging kan øydeleggje eit populært friluftsområde. Kvartalsleikeplass ligg på austsida av hovudveg inn, ungar i

				feltet må krysse denne for å kome til leikeplassen
Samfunnstryggleik og beredskap	1	-3	Einsidig negativt	Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg gjennom bustadfelt, manglar beredskapsveg.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	2	-3	Einsidig negativt	Kostnad for vasstårn og pumpestasjon estimert til 10-15 mill.kr. Ein ny beredksapsveg må vedlikehaldast av kommunen. Kan medføre behov for kapasitetsutviding av skule og skuleskyss for 1.trinn.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:
<p>Arealinnspelet er i tråd med arealstrategi 2 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealinnspelet er i strid med arealstrategiane 4 og 7 i kommuneplanen sin samfunnsdel.</p> <p>Innspelsområdet ligg innanfor tettstadsgrense og er på det området i tråd med kommunen si utbyggingsstrategi. Samstundes ligg innspelsområdet innanfor friluftslivsområdet Breisås, og dette området har høg verdi. Turløype og skiløype går gjennom den sørlege delen av området, og det er fleire turstiar i nærleiken. Det er også mange registreringar frå Barnetråkk i og nær området som oppgir staden som mykje brukt, og ei utbygging her vil fjerne fleire målpunkt for barn og unge.</p> <p>Breisås er eit populært bustadområde med høg markedsinteresse. Det er dårleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde, men lokalbuss stoppar like ved. Store høgdeforskjellar kan gi mykje bilbasert aktivitet. Ei utbygging kan også medføre behov for auka kapasitet på Borgjabrua, og etablering av ein ny beredskapsveg. Kostnad for vasstårn og pumpestasjon estimert til 10-15 mill.kr.</p>

Konklusjon
Innspellet kan ikkje tilrådst. Dei samla konsekvensane for friluftsliv og barn og unge vert for store i forhold til andre tema ved ei utbygging.

ROS innspel nr.1 – gnr./bnr. 51/1					
<u>Sårbarheit:</u> TEK17 stiller avstandskrav som hindrar brannspreiing mellom bustader.					
<u>Eksisterande barrierar:</u> Fortau					
Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels-Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	K1	K2	K2	Skogbrannfaren i Telemark har en antatt sannsyn på >10% per år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bustader.
Mjuke trafikantar	Middels	K1	K1	K1	Det er fortau langs skuleveg, og haldeplass like ved. Frå Venåsvegen og inn til barnehagen er det ikkje opparbeidd fortau. Fortau/ gs-veg vil

					auke tryggleiken til mjuke trafikantar, og redusera sannsyn for ulykker.
Kritisk infrastruktur	Middels	K1	K3	K2	Togulykke kan medføre at Borgjabrua vert stengd, og uthyrkingskøyretøy mistar vegtilgang inn til Breisås. Dette kan få følger dersom det skulle skje ulykker i Breisås. Det er vanskeleg å gje sannsyn sidan fleire ulykker må skje kort etter kvarandre.
<u>Uvisse:</u> Ingen kjente.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiing av skogbrann reguleringsplanen. Rekkefølgjekrav om etablering av beredskapsveg.					

6.2 2 Nordbøåsen, gnr./bnr. 54/3, 4, 5

					<p>Område: Nordbøåsen Areal: 250 daa Føremål: Bustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Friluftsområde med turstiar og skiløype, barskog Kommuneplan: LNF, omsynssone friluftsliv (H530_2), sørvestleg del gul støysone (H220_1), nordaustleg del innanfor Tettstadsgrense Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse	
Ureining og støy	-2	-3	Einsidig negativ	250 nye bustader kan medføre auka støy for bustader langs tilkomstvegen gjennom eksisterande bustadfelt. Ikke registrert forureina grunn i området. Det er ingen registrerte støykjelder i nærleiken, avstand til jernbane og fv.359 er over 1 km.	
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med uproduktiv barskog og barskog med lav bonitet. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.	
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Dalfiol og fiskemåke er registrert i nærleiken av innspelsområdet. Lokalt viktig naturtype Tjønnatjønna ligg nordaust for planområdet.	
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte vassressursar innanfor området.. Det er ingen registrert lausmasseressursar.	
Kulturminne og kulturmiljø	2	-1	Delvis negativ	Det er eit freda gravminne innanfor området heilt i nordaust. Nordaust for innspelsområdet i Nordbølia er det registrert fleire kulturminne.	
Landskap og byrom	2	-2	Delvis negativ	Urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde. Området ligg eksponert på eit høgdedrag i terrenget.	
Grønstruktur og friluftsliv	3	-2	Einsidig negativt	Omsynssone friluftsliv Nordbøåsen, kartlagd som viktig friluftsområde (B). Lysløype går midt gjennom området, skiskyttaranlegg tett på i vest, fleire turstiar i nærleiken. Området utgjer naturterregnet til Norbyåsen, og vil påverka friluftsliv og tilgang til nærturterren negativt.	

Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag, men 1 energibrønn i Nordbølia. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel. Energi. Potensial for energibrønnar.
Klimagassutslepp	3	-2	Delvis negativ	Ca. 250 nye bustader, gir en auke i ÅDT på ca.650 (2,6 turar per bustad). Daglege turar vil truleg bli bilbasert. Bø skule ligg mindre enn 4 km unna, men innanfor sykkelbruk dersom området blir knytt til sykkelnettet. Det kan vere med å redusere biltrafikk som følgje av føremålsendringa. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp..
Transportbehov og trafikktrykkleik	-2	--2	Delvis negativ	Mindre enn 4 km til Bø skule og det kan utløyse behov for skuleskyss for 1.trinn. 1-7 trinn ligg meir enn 30 min gange frå skule. Med nye sykkelvegar er det mogleg skule ligg innanfor 20-30 min sykkel. nærmeste barnehage ligg ca. 2 km unna. Kan koplast på sykkelroute/fortau til Bø skole og barnehage. Lokalbuss stoppar i Nordbøåsen i kvardagane like ved området, elles er det därleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde.
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativ	Ca. 300 m til VA-nett og kommunal veg. Behov for nytt høgdebasseng eller auke kapasiteten på trykkaukestasjonen som skal etablerast i området. Området må koplast på eksisterande sykkelroute/fortau. Ny tilkomstveg inkl. avkjøring frå rv.36 har god kapasitet.
Sosial infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	Kan utløyse skuleskyss for elevar på 1.trinn, skuleveg på grensa til 2 km. Ikke ekstrakapasitet på skule.
Folkehelse og universell utforming	3	-1	Delvis negativ	God tilgang til natur- og friluftsområde. Skiløype går gjennom området, og fleire turstiar i nærlieken. Området har potensial for universell utforming. Nærturområde for eksisterande bustadfelt blir lengre unna.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	3	-3	Einsidig negativ	Ei utbygging gjer friluftsområde mindre tilgjengeleg. Lysløypa vert mykje brukt og er godt tilrettelagt. Lang avstand til skule for dei minste. Gode solforhold.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	-2	Delvis negativ	Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg er mogleg gjennom eksisterande bustadfelt. Gregars veg-

				Rokkemakarveg-Skyttarveg kan nyttast som beredskapsveg, ingen beredskapsveg frå området innanfor skibrua over lysløypa.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	2	-2	Delvis negativ	Behov for nytt høgdebasseng. Kan medføre behov for kapasitetsutviding av skule, og skuleskyss for 1.trinn..

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i tråd med arealstrategi 2 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealinnspelet er i strid med arealstrategiane 4 og 7 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Innspelsområdet ligg innanfor tettstadsgrense og er på det området i tråd med kommunen si utbyggingsstrategi. Samstundes ligg innspelsområdet innanfor friluftslivsområdet Nordbøåsane, og dette området er mykje i bruk. Skiløype går gjennom innspelsområdet området, og det er fleire turstiar i nærleiken. Ei utbygging her vil fjerne fleire målpunkt knytt til friluftsliv for barn og unge. Innspelsområdet ligg eksponert til på eit høgdedrag i terrenget, og kan skildrast som eit urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde. Gode solforhold og god utsikt. Nordbøåsen er eit populært bustadområde med høg markedsinteresse. Ei utbygging kan koplast på eksisterande teknisk infrastruktur, og området har gode solforhold. Det er avgrensa tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde. Høgdeforskellar kan gi mykje bilbasert aktivitet.

Konklusjon

Innspelet kan ikkje tilrådast. Dei samla konsekvensane for friluftsliv og barn og unge vert for store i forhold til andre tema ved ei utbygging.

ROS innspel nr.2 – gnr./bnr. 54/3, 4, 5					
<u>Sårbarheit:</u> TEK17 stiller avstandskrav som hindrar brannspreiing mellom bustader.					
<u>Eksisterande barrierar:</u> Fortau/gangveg					
Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)		Forklaring	
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	K1	K2	K2	Skogbrannfaren i Telemark har en antatt sannsyn på >10% per år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bustader.
Mjuke trafikantar	Middels	K1	K1	K1	Med utgangspunkt i 250 bustader vil ÅDT auke med 650. Det er eit stykke å gå til kollektivtilbod. Samtidig er det mykje brukt friluftsområde i nærleiken. Fleire gangmogelegheiter, men det er ikkje samanhengande fortau gjennom bustadfeltet ved nordbølia. Eit samanhengande fortau/ gs-veg vil auke tryggleiken til mjuke trafikantar, og redusera sannsyn for ulykker.

<u>Uvisse:</u> Ingen kjente.
<u>Oppfølging i plan:</u> Vurdere behov for fortau/gang-sykkelveg i reguleringsplan, ev. rekkefølgjekrav. Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiing av skogbrann reguleringsplanen.

6.3 7, Ødegårdsfeltet, gnr./bnr. 191/5

					<p>Område: Ødegårdsfeltet Areal: 18 daa Føremål: Bustad Eksisterande arealbruk: Barskog Kommuneplan: LNF, Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uuisse	
Ureining og støy	-2	-1	Delvis negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. 18 nye bustader kan medføre noko auka støy for bustader langs tilkomstvegen gjennom eksisterande bustadfelt. Det er ingen registrerte støykjelder i nærleiken, avstand til rv.36 og jernbane er ca.400 m.	
Jordvern og sikring av jordressursar	3	-2	Einsidig negativ	Det er registrert 14 daa dyrkbar mark. Heile området er dekt med barskog av høg bonitet. Randsone av eit større samanhengande skogsområde med høg bonitet. Ei utbygging påverkar landbruket negativt.	
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Sandsvale er registrert i nærleiken av innspelsområdet. Ingen registrerte naturtypar av verdi.	
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.	
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området. Sør for området i Ødegårdsvegen ligg det eit freda arkeologisk minne.	
Landskap og byrom	1	0	Ingen relevans	Ligg som forlenging av eksisterande bustadområde.	
Grønstruktur og friluftsliv	2	1	Positiv	Området ligg ved friluftsområdet Breisås nord-øst. Det er potensiale for å legge til rette for møteplassar.	

Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikke energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	3	-2	Einsdig negativ	Ca. 18 nye bustader, gir en auke i ÅDT på ca.46 (2,6 turar per bustad). Sauherad barne- og ungdomsskole og barnehage ligg meir enn 30 min gange for 1-10 trinn, men innanfor sykkelavstand.. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	2	-2	Delvis negativ	Sauherad barne- og ungdomsskole og barnehage ligg meir enn 30 min gange for 1-10 trinn, men innanfor 20 min sykkelavstand. Meir enn 2 km til skule utløyer skuleskyss for 1.trinn. Mogleg å kople seg på sykkelrute/fortau til skole og barnehage. Det er dårleg tilgang til kollektivtrafikk innafor kort rekkevidde, nærmeste haldeplass ligg ved rv.36 1 km unna.
Teknisk infrastruktur	2	2-	Delvis negativ	Kan koplast til offentleg veg og VA-nett i området. 18 bustader vil til saman generere 46 turar per døgn, noko som vegen bør ha kapasitet til. Fortau/gangveg langs skuleveg som manglar dette ved innspelsområdet må vurderast, men det er lite areal tilgjengeleg til fortau. Alternativ kan skogsbilveg nord for området nyttast Behov for trykkaukestasjon må vurderast.
Sosial infrastruktur	2	-2	Delvis negativ	Meir enn 2 km til skule utløyer skuleskyss for elevar på 1.trinn, Ikkje ekstrakapasitet på skule.
Folkehelse og universell utforming	2	1	Positiv	Ingen kjend aktivitet eller stiar i området. Barnetråkk synar at skogen i nærleiken er i bruk.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	1	Positiv	Det er ikke kjennskap til om området blir brukt av barn og unge. Skogen nord vest for området er målpunkt for unge. Gode solforhold.
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-2	Delvis negativ	Det er ingen kjend rasfare knytt til området, ligg under marin grense og i skråning. Tilkomstveg gjennom bustadfelt.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	1	-2	Delvis negativ	Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader. Skuleskyss for 1.klasse.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i tråd med arealstrategi 2 i kommuneplanen sin samfunnssdel. Arealinnspelet er i strid med arealstrategiane 4 og 6 i kommuneplanen sin samfunnssdel.

Innspelsområdet ligg som ei forlenging av eksisterande bustadområde i Ødegården. Teknisk infrastruktur er allereie etablert i eksisterande bustadfelt, og området kan koplast på utan store investeringskostnader.

Det ligg ca.10 daa dyrka jord aust for området, men drifta av dette vert i liten grad påverka av utviding av bustadfeltet.

På grunn av avstand over 2 km til nærmeste grunnskule utløysar det skuleskyss for elevar på 1.trinn.

Fjerning av skog gir klimagassutslepp, men dei positive sidene knytt til friluftsliv og tilhøve for barn og unge veg tyngre.

Friluftsområdet Breisås nord-øst ligg like ved, og skogsområdet nord for innspelsområdet er også nytta av barn og unge. Dette gir ekstra kvalitet til bustadfeltet.

Det er gode solforhold i området.

Det er godkjend utbygging av bustader innanfor eksisterande bustadfelt. Saman med innspelet vert det ein auke i trafikk. Sikring av trygg ferdsel for mjuke trafikantar langs skuleveg vil auke tryggleiken og redusera sannsyn for ulykker.

Konklusjon

Innspelet kan tilrådast som bustadformål.

Det må stillast krav til bygging av gangveg/snarveg langs skuleveg ved innspelsområdet og krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan.

ROS innspel nr.7 – gnr./bnr. 191/5

Sårbarheit: TEK17 stiller avstandskrav som hindrar brannspreiing mellom bustader.

Eksisterande barrierar: Gangveg

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Skredfare/ras/ Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	K1	K1	K3	Området ligg under marin grense. Reell geofare og byggetekniske sikkerheitsklassar må vurderast og fastsettast i samband med reguleringsplan. Konsekvensane av ustabil grunn i området vurderast som låg unntatt for materielle verdiar, knytta til bygnings-/settingsskadar som kan oppstå i samband med ustabil grunn.
Skog/lyngbrann	Høg	K1	K2	K2	Skogbrannfaren i Telemark har en antatt sannsyn på >10% per år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bustader.
Mjuke trafikantar	Middels	K1	K1	K1	Bustadfeltet i Ødegården har ein blanding av privat og kommunal veg. Det er over 20 ubygde tomtar i bustadfeltet i tillegg til innspelet. Samtidig er det friluftsområde i nærleiken. Bygging av fortau/ gangveg

					langs skuleveg vil auke tryggleiken til mijuke trafikantar, og redusera sannsyn for ulykker.
<u>Uvisse:</u> Ingen kjente.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Stille krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan. Vurdere behov for fortau/gang-sykkelveg i reguleringsplan. Vurdere behov for barrierer som hindrar spreiling av skogbrann reguleringsplanen.					

6.4 22, Slåttedalen, gnr./bnr. 16/8

					<p>Område: Slåttedalen Areal: 57 daa samla for alle tre områda Føremål: Fritidsbustad</p> <p>Eksisterande arealbruk: Fritidsbustader, barskog Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse	
Ureining og støy	-2	-2	Delvis negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. Delområdet 22B ligg i sin heilskap innanfor gul og raud støysone frå fv.3330. Delområde 22C grensar inntil støysone frå fv.3330. Tiltaket vil auke biltrafikken til og frå området noko.	
Jordvern og sikring av jordressursar	3	-3	Einsidig negativ	Tap av Myr/dyrkbar jord på ca. 11,5 daa i 22A. Heile området er i hovudsak dekt med uproduktiv barskog. Ei utbygging påverkar landbruket negativt	
Naturmangfold	2	0	Ingen relevans	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor områda, eller i nærleiken av innspelsområdet. Ingen registrerte naturtypar av verdi. Innspelsområdet ligg inn i verneområde for vassdrag.	
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor områda.	
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor områda. Ved vatnarvegen ligg det eit ikkje freda gardsanlegg frå 1800-talet.	
Landskap og byrom	1	0	Ingen relevans	Ligg i eit område med fritidsbusetnad. Området har lite eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde.	
Grønstruktur og friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Ingen kjent friluftsaktivitet innanfor området. Næraste friluftsområde er Lona aust for innspelsområdet.	
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.	
Klimagassutslepp	3	-2	Einsidig negativ	Heile området minus eksisterande fritidsbustader er dekt med skog og myr/dyrkbar jord. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.	

Transportbehov og trafikktrykkleik	1	--2	Delvis negativ	Generelt legg fritidsbustader opp til auka bilbruk. Det er ikkje tilgang til kollektivtrafikk
Teknisk infrastruktur	1	-1	Delvis negativ	Kan koplast på offentleg veg. Ingen VA-nett i området.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	1	-1	Delvis negativ	Fleire stiar i området, men bruken er ukjent. Heile 22B ligg i støysone frå fv.3330. Området har potensial for universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje kjennskap til om området blir bruk av barn og unge. Området ligg ikkje i nærliek til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Positiv	Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg via fv.3330.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	1	0	Ingen relevans	Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i tråd med arealstrategi 10 i kommuneplanen sin samfunnsdel. Arealinnspelet er i strid med arealstrategi 6 i kommuneplanen sin samfunnsdel.
 Området ligg i tilknyting til eksisterande hytteområde. Området har lite eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde.
 Topografien i området er temmeleg flat, og gode terrengetilpassingar utan mykje terrengeinngrep er mogleg.
 Området har jamt over gode solforhold.
 Det ligg eit myrområde vest i innspelsområdet. Myr er ein type våtmark som inneholder store mengder karbon og har eit rikt mangfold av artar. Med omsyn til klima er det viktig å bevare myra, og den bør gå ut frå byggeformålet.
 Fjerning av skog gir klimagassutslepp. Tiltaket er i tråd med kommunen si utbyggingsstrategi og kan likevel tilrådast.
 Det er store utfordringar knytt til støy for område 22B, og i mindre grad for 22C. Område 22B bør gå ut, og tilfredsstillande støyforhold for planlagd fritidsbusetnad må dokumenterast innanfor område 22C.

Konklusjon

Delar av innspelet kan tilrådast som fritidsformål. Område 22B går ut, og myra i 22A må ut av byggeformålet.
 Tilfredsstillande støyforhold for planlagd fritidsbusetnad må dokumenterast i reguleringsplan

ROS innspel nr.22 – gnr./bnr. 16/8

Sårbarheit: TEK17 stiller avstandskrav som hindrar brannspreiing mellom bustader.

Eksisterande barrierar: Ingen kjente.

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels-Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	K1	K2	K2	Skogbrannfaren i Telemark har en antatt sannsyn på >10% per år.

					Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på fritidsbustader.
Høgspent	Låg	K1	K1	K1	Det går ein høgspentlinje 22 KV gjennom 22B. Ved nybygg og nye anlegg der magnetfeltet vil bli over 0,4 µT, skal det vurderast å sette inn tiltak for å redusere nivået.
<u>Uvisse:</u> Inge kjente.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Vurdere behov for barrierer som hindrar spreiling av skogbrann reguleringsplanen.					

6.5 28, Grivijordet, gnr./bnr. 47/274, 47/343, 47/349

				<p>Område: Grivijordet Areal: 55 daa Føremål: Sentrumsformål</p> <p>Eksisterande arealbruk: Forretningar, jordbruk Kommuneplan: Forretning/Industri (K2) Reguleringsplan: planID 05_41_2006 Kontor/industri</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	-3	-3	Einsidig negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. Tiltaket vil auke biltrafikken til og frå området betydeleg med 1800 ÅDT (30 turar per 100 m ² forretning) per handelsbygg.
Jordvern og sikring av jordressursar	3	-2	Ingen relevans	Disponert til Forretning/Industri (K2) i KPA. Området består av ca.30 daa dyrka jord, resten er bebygd. Heile jordbruksarealet på 36 daa vil gå tapt, restarealet rundt arealinnspelet vert for lite til å drive.
Naturmangfold	2	-1	Delvis negativ	Disponert til Forretning/Industri (K2) i KPA. Området ligg i randsona til og delvis innanfor Bøevju. ein viktig naturtype av gråor-heggskog. Innanfor Bøevju er det registrert ask og striglekrypmose.
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området. Aust for området ligg det eit freda arkeologisk minne.
Landskap og byrom	2	-1	Delvis negativ	Ligg utanfor sentrumssona for Bø. Delar av området har forretningsverksemrd. Ei utbygging gjer inngrep i byrom med typiske kvalitetar for området.
Grønstruktur og friluftsliv	1	-1	Delvis negativ	Ingen kjent friluftsaktivitet innanfor området. 100m-skogen ved Grivi Studentheim grensar til området i aust, og ei utbygging kan få negativ innverknad på 100m-skogen.
Energiproduksjon	1	2	Positivt	Området kan koplast på det offentlege fjernvarmenettet.
Klimagassutslepp	3	-3	Einsidig negativt	I strid med ABC-prinsippet, besøksintensiv utbygging utanfor sentrumsformål. Tilrettelegging for bilbasert handel gir stor auke i persontrafikk til og frå området.

				Arealbruksendringa ved ei utbygging aukar klimagassutsleppa meir enn ei alternativ plassering av utbyggingsformålet innanfor sentrumsgrensa. Fleire sykkelruter går forbi området.
Transportbehov og trafikktrykkleik	2	2	Positiv	Infrastruktur er i orden. Det er tilgang til busstopp innafor kort rekkevidde. Formålet kan bygge opp under eksisterande vegar.
Teknisk infrastruktur	2	2	Positiv	Infrastruktur i orden. Bygger oppunder eksisterande nett og veg.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	1	0	Ingen relevans	Området er ikkje brukt til friluftsliv i dag. 100m-skogen ved Grivi Studentheim grensar til området.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje kjennskap til om området blir brukt av barn og unge. Området har ikkje typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	-1	Delvis negativ	Det er ingen kjende naturfarar knytt til området. Tilkomstveg via riksveg 36. Ligger under marin grense.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	2	2	Positiv	Det er god kapasitet på eksisterande teknisk infrastruktur. Utbygginga medfører ikkje betydelege nye drifts- og investeringskostnader.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Innspelsområdet legg opp til ei utviding sentrumsformålet. Kommunen si arealstrategi fastslår at detaljhandel skal skje innanfor sentrumsgrensa for Bø sentrum, og ein utviding av grensa er i konflikt med denne strategien. Innspellet er i strid med ABC-prinsippet, som tilseier at besøksintensiv utbygging ikkje skal skje utanfor sentrumsformålet. Ein ny handelspark legg til rette for bilbasert handel, og vil gi stor auke i persontrafikk til og frå området.

Konklusjon

Tiltaket kan ikkje tilrådast. Ei utviding av sentrumsformålet strid mot kommunen si arealstrategi, og det er årsaka til at tiltaket ikkje vert tilrådd.

ROS innspeil nr.28 – gnr./bnr. 47/274, 47/343, 47/349

Sårbarheit: Tiltaket har ingen spesiell sårbarheit.

Eksisterande barrierar: Ingen kjente barrierar

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Skredfare/ras/ Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	K1	K1	K3	Området ligg under marin grense, men ligg verken i aktsemomsområde, fareområde eller kartlagt kvikkleire område. Det er likevel ei viss risiko for ustabil grunn i området, sjølv om det

					allereie er oppført bygningar i området. Konsekvensane av ustabil grunn i området vurderast som låg unntatt for materielle verdiar, knyta til bygnings- /settingsskadar som kan oppstår i samband med ustabil grunn.
<u>Uvisse:</u> Ingen kjente					
<u>Oppfølging i plan:</u> Ingen.					

6.6 31, Skjelbreid, gnr./bnr. 9/32, 98, 501

					<p>Område: Skjelbreid Areal: 43 daa Føremål: Fritids- og turistformål</p> <p>Eksisterande arealbruk: landbruk, turisme (Breiva Gjestegaard og Glamping) Kommuneplan: Bustad, LNF spreidd bustad- og næringsbygg (B/N7) Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse	
Ureining og støy	1	0	Ingen relevans	Ikkje registrert forureina grunn i området. Det er ingen registrerte støykjelder i nærliken, avstand til fv.3330 er ca.800 m. Området ligg utan direkte kontakt med naboar, og vil i liten grad tilføre støy til omgjevnadene sjølv om det blir ein liten auke i trafikk.	
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Heile området er dekt med barskog av lav til middels bonitet og noko open fastmark. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.	
Naturmangfald	2	0	Ingen relevans	Ingen registrerte raudlisteartar innanfor områda, eller i nærliken av innspelsområdet. Ingen registrerte naturtypar av verdi. Innspelsområdet ligg inn i verneområde for vassdrag.	
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	1 registrerte fjellbrønn for vassforsyning. Det er ingen registrert lausmasseressursar.	
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området. På Skjelbreid nord for området ligg det eit freda og eit uavklart arkeologisk minne.	
Landskap og byrom	1	-1	Delvis negativ	Ligg i eit område med landbruk. Området har lite eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde.	
Grønstruktur og friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Ingen kjent friluftsaktivitet innanfor området. Næraste friluftsområde er Myrvoll og Dansarberga vest for innspelsområdet.	
Energiproduksjon	2	1	Positiv	Det er registrert ein energibrønn i området.	
Klimagassutslepp	3	-1	Delvis negativ	Heile området er dekt med skog. I bruk som gjestegård med glamping i dag. Legg ikkje opp til utbygging, men glamping-telt i skogen.	

Transportbehov og trafikktrykkleik	1	-2	Delvis negativ	Det er ikke tilgang til kollektivtrafikk.
Teknisk infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Kan koplast på offentleg veg. Ingen VA-nett i området. Minirenseanlegg på 40 PE etablert, vann fra eigne brønnar
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikke sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	2	1	Positiv	Turisme på området i dag. Utbygginga har ingen negativ innverknad for folkehelse eller friluftsliv.. Det er god potensiale for universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Det er ikke kjennskap til om området blir brukt av barn og unge. Området ligg ikke i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	0	Positiv	Det er ingen kjende naturfarar knytt til området, ligg over marin grense. Tilkomstveg via Skjelbreidvegen.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	1	0	Ingen relevans	Utbygginga medfører ikke betydelege nye drifts- og investeringskostnader.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i tråd med arealstrategiane 10 i kommuneplanen sin samfunnssdel. Det er allereie etablert turisme i området, og det er ønskeleg å utvide verksemda i råd med dispensasjonen for glamping. Området har lite eksponeringspotensiale mot viktige utfartsområde. Området ligg skjerma og har gode solforhold, og eignar seg godt til formålet.
Tilkomst via Skjelbreidvegen, men det er ikke VA-nett i nærleiken. Verksemda har etablert minirenseanlegg og vann fra eigne brønnar.

Konklusjon

Innspelet kan tilrådast som Fritids- og turistformål
Vurdere behov for barrierar som hindrar spreying av skogbrann reguleringsplanen.

ROS innspel nr.31 – gnr./bnr. 9/32, 98, 501					
<u>Sårbarheit:</u> TEK17 stiller avstandskrav som hindrar brannspreiing mellom bygningar.					
<u>Eksisterande barrierar:</u> Ingen kjente barrierar					
Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels-Låg)	Konsekvens (1-låg, 2-middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/helse	Stabilitet	Materielle verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	K1	K2	K2	Skogbrannfaren i Telemark har en antatt sannsyn på >10% per år. Konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. forvarsel og tida brannen spreiar seg på. Konsekvensen for materielle verdiar vil i hovudsak vere skade på bygningar.
<u>Uvisse:</u> Ingen kjente.					

Oppfølging i plan:

Vurdere behov for barrierar som hindrar spreiing av skogbrann reguleringsplanen.

6.7 56, Liagrenda, gnr./bnr. 104/27



The table below provides a detailed analysis of environmental impacts and opportunities for the proposed development at Liagrenda.

Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	2	-1	Delvis negativ	Ikkje registrert forureina grunn i området. Utviding av turist- og fritidsformål nærmere bustadområde kan medføre meir trafikkstøy for naboar.
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Disponert til Bustad i KPA og ei formålsendring til eit anna byggeformål påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Disponert til Bustad i KPA. Ingen registrerte raudlisteartar innanfor området. Ullurt, nikkesmelle, fiskemåke, barlind er registrert i nærleiken av innspelsområdet. Ingen registrerte naturypar av verdi.
Vassressursar og lausmasseressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området eller i nærleiken.
Landskap og byrom	1	-1	Delvis negativ	Ligg som forlenging av eksisterande turistformål. Innspelet har eksponeringspotensiale mot Norsjø, men Norsjø ferieland er allereie etablert.
Grønstruktur og friluftsliv	1	-1	Delvis negativ	Registreringar frå Barnetråkk viser at det ligg ein akebakke i området.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	1	-1	Delvis negativ	Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar. Endring frå Bustad til turist- og fritidsformål påverkar i liten grad klimagassutslepp, men kan medføre noko meir trafikk..
Transportbehov og trafikktrykkleik	2	-1	Delvis negativ	Auka kapasitet til Norsjø ferieland kan gje utfordringar for myke trafikantar.

				Kort avstand til kollektivtilbod, nærmeste haldeplass er Akkerhaugen bru.
Teknisk infrastruktur	1	1	Positiv	Bygger oppunder eksisterande nett og veg, ny tilkomst ligger i gjeldande KPA, men er ikke finansiert.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikke sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	2	-1	Delvis negativ	Området brukast til akebakke i dag. Potensialet for universell utforming er svært avgrensa pga. topografi.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	2	-1	Delvis negativ	Området brukast til akebakke i dag.
Samfunnstryggleik og beredskap	3	--2	Einsidig negativ	Området ligg i faresone for flaum 320_8, og grensar til aktsemomsområde flaum. Ligg under marin grense. Tilkostveg via kommunal veg.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	2	1	Delvis negativ	Ny tilkomst ligg i gjeldande KPA, det er ikke mogleg å etablere ny veg utan at kommunen er med på finansieringa.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i tråd med arealstrategi 10 i kommuneplanen sin samfunnssdel, om vidareutvikling av Akkerhaugen som reisemål, og tilrettelegg for utviding av eksisterende verksmed.

Avsett til Bustad i gjeldande KPA.

Området ligg i faresone for flaum 320_8, og innanfor aktsemomsområde flaum. Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum før igangsetting.

Konklusjon

Innspelet kan tilrådast som Turist- og fritidsformål

Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan.

.

ROS innspel nr.56 – gnr./bnr. 104/27

Sårbarheit: Ingen spesielle.

Eksisterande barrierar: Ingen kjente barrierar

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Skredfare/ras/ Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	K1	K1	K3	Området ligg under marin grense. Reel geofare og byggtekniske sikkerheitsklassar må vurderast og fastsettast i samband med reguleringsplan.. Konsekvensane av ustabil grunn i området vurderast som låg unntatt for materielle verdiar, knyta

					til bygnings-/settingsskadar som kan oppstår i samband med ustabil grunn.
Flaum/ storflaum	Låg	K1	K2	K2	Området ligg i faresone for flaum 320_8, og innanfor aktsemråde flaum. Det er sannsynleg med flaumutfordringar i området. Det vurderast at det er primært materielle verdiar som kan bli påverka av ei evt. flaum i området.
Ulykkespunkt	Høg	K1	K1	K2	Det er registrert 1 ulykke i Liagrendvegen, ved innkøyselen til Norsjø ferieland, siste 10 år innanfor ei radius på 500 m. Innspelsområdet er lite og omfattar ei utviding av eksisterande verksemd. Det vert likevel viktig at gangvegar og anna trafikkareal får ei trafikksikker utforming.
<u>Uvisse:</u> Ingen kjente.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan.					

6.8 30, Herremo, gnr./bnr. 28/6/1 og 28/6



Område: Herremo Areal: 27 daa Føremål: Næring Eksisterande arealbruk: nokon bygningar, lagringsplass, barskog Kommuneplan: LNF, omsynssone støy (H220_2), tilgrensande omsynssone vassforsyning (H120) Reguleringsplan: Ingen				
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	-2	-1	Delvis negativ	<200 meter til Bø elva (leveområde for elvemusling). Ønska tiltak anna verkstadverksmed kan medføra forureining av vatn av ulik karakter som potensiell kan påverke elvemusling. Området ligg ved rv.36 og i nærleiken av ei skytebane. Tiltaket kan medføre ein auke i lange køyretøy på rv.36, rv.36 har i dag ein ÅDT på 2600 og ein del lange køyretøy på 15%.
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Delar av området dekt med barskog av middels bonitet. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.
Naturmangfold	3	-1	Delvis negativ	<200 meter til Bø elva (leveområde for elvemusling). Furukorsnebb (art av særleg stor forvalningsinteresse) registrert i innspelsområdet. Sandsvale og taksvale registrert i nærleiken. Det kan ikkje utelukkast at tiltak i området kan få konsekvensar for raudlista artar.
Vassressursar og lausmasseressursar	3	-2	Einsidig negativ	Bø elva (016-2408-R) er registrert i Vann-nett med god økologisk tilstand. Det er usikkert om tiltak i området kan påverke miljøstatus/elvemusling eller drikkevasskjelder i området. Innspelsområdet grensar direkte mot omsynssone vassforsyning, men er per i dag ikkje omfatta av klausuleringsområdet. Området ligg på ein stor lausmasseressurs med betydeleg grunnvasspotensial.
Kulturminne og kulturmiljø	2	-1	Delvis negativ	Det er ein del kulturminna (automatisk freda) registrert i nærleiken av innspelsområdet. Området bør undersøkast.

Landskap og byrom	1	0	Ingen relevans	Ligg i tilknyting til allereie eksisterande massetak.
Grønstruktur og friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Friluftsområde Moen bru-Seljordsvatnet ligg sørvest for området.. Det vurderast er maskinverksmed i innspelsområdet ikkje ville påverke friluftsliv negativt.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	2	-2	Delvis negativ	Det må pårekna tungtrafikk frå og til anlegget, men sannsynleg same aktivitet som i dag. Delar av området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp.
Transportbehov og trafikktrykkleik	1	-2	Delvis negativ	Ligg ved rv.36 men langt til nærmeste haldeplass.
Teknisk infrastruktur	2	-1	Delvis negativ	Ikke avløp, berre kommunalt vatn. Bygger oppunder eksisterande nett og veg.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Ønska tiltak i området påverkar ikkje sosial infrastruktur
Folkehelse og universell utforming	1	0	Ingen relevans	Det er ei gul støysone i området. Det vurderast at ønska tiltak ikkje står i konflikt med støysona. Det er ikkje kjennskap om at området er i bruk til rekreasjon eller universell utforming.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje kjennskap til om området blir brukt av barn og unge. Området ligg ikkje i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-2	Delvis negativ	Innspelsområde ligg ikkje i fare- eller aktsemndsområde, men ligg under marin grense. Området har god tilkomst via rv.36.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	1	0	Ingen relevans	Maskinverksmed i området påverkar antakeleg ikkje kommuneøkonomi

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ingen tema i tråd eller i strid med samfunnsdelens arealstrategiar I utgangspunkt verkar området egna som framtidig næringsareal. Innspelsområdet ligg i tilknyting til eksisterande massetak og vurderast derfor til å ha lite landskapsmessige negative konsekvensar. Det legg også til rette med vegtilkomst og teknisk infrastruktur i området. Området ligg under marin grense.

På grunn av nærleik til vassdrag med elveperlemusling bør det vurderast om ein miljøoppfølgingsplan bør nyttast.

Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensar for biologisk mangfold og konsekvensar av nærleiken til omsynssone for drikkevatn framstår som noko mangelfullt og må vurderast i samband med ei evt. regulering.

Om det opnast opp for næring i dette området, bør området undersøkast for ukjente kulturminna.

Tiltaket medføra også ei risiko for forureining og krevjar antakeleg løyve etter forureiningslova.

Konklusjon					
Innspellet kan tilrådast som Næringsformål Det må stillast krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan Kunnskapsgrunnlaget for biologisk mangfold må supplerast i reguleringsplan. Behov for miljøoppfølgingsplan for ureining av elveperlemusling må vurderast i reguleringsplan. Grense mot drikkevasskjelde må avklarast i reguleringsplan.					

ROS innspel nr.30 – gnr/bnr 28/6/1 og 28/6					
<u>Sårbarheit:</u> Ingen spesielle.					
<u>Eksisterande barrierar:</u> Ingen.					
Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Skredfare/ras/ Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	K1	K1	K3	Området ligg under marin grense. Reel geofare og byggtekniske sikkerheitsklassar må vurderast og fastsettast i samband med reguleringsplan. Konsekvensane av ustabil grunn i området vurderast som låg unntatt for materielle verdiar, knyta til bygnings-/settingsskadar som kan oppstår i samband med ustabil grunn.
Kritisk infrastruktur	Middels	K3	K1	K3	Det er ei drikkevasskjelde i nærliken. Ei utilsikta forureining av denne kan har store konsekvensar for liv og helse, men også materielle (knyta til fjerning av forureining). Ei konkret fare for forureining går ikkje fram av ønska tiltak i området og vurderast derfor som middels.
Høgspent	Låg	K1	K1	K1	Det går ein høgspentlinje 22 KV langs området (langs vegen). Ved nybygg og nye anlegg der magnetfeltet vil bli over 0,4 µT, skal det vurderast å sette inn tiltak for å redusere nivået.
<u>Uvisse:</u> Områdestabilitet er ikkje vurdert. Det er p.t. uviss om dagens avgrensing av klausuleringsområde for drikkevasskjelda er endeleg.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til geoteknisk undersøking i reguleringsplan.. Grense mot drikkevasskjelde må avklarast i reguleringsplan.					

6.9 32, Rallevegen, gnr./bnr. 1/8

					<p>Område: Rallevegen Areal: 8 daa Føremål: Næring Eksisterande arealbruk: Barskog Kommuneplan: LNF, omsynssone viktig friluftsområde (H530_6) Reguleringsplan: Ingen</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse	
Ureining og støy	-2	-2	Delvis negativ	Ikkje forureina grunn i området. Ei komposteringsanlegg kan medføra ureining i form av lukt og kan føra til avrenning til Hørteelva. Evt. forureinande aktivitet i området krevjar løyve etter forureningslova. Tiltaket medfører ein auke i tungtrafikk på Rallarvegen.	
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. Skogsområde med stort sett låg bonitet. Ei utbygging påverkar ikkje landbruket.	
Naturmangfald	2	-1	Delvis negativ	Fleire artar av forvaltningsinteresse i nærliken, antakeleg rik fugleliv i området. Innspelsområdet ligg inn i verneområde for vassdrag.	
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-1	Delvis negativ	Avrenning frå området mot Hørteelva (016-1752-R) og i området med antatt betydeleg grunnvasspotensiale. Miljøstatus av elva klassifisert som god og det er ikkje påvist belastande forureining frå eksisterande komposteringsanlegg. Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området.	
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.	
Landskap og byrom	2	-1	Delvis negativ	Urørt landskapsrom i eit viktig friluftsområde, men i nærleik til veg og anna næringsareal. Ei kompostanlegg er ikkje visuell attraktiv, men flytting av eksisterande kompostanlegg kan skape eit bedra estetisk uttrykk i eit meir eksponert område mot elva.	
Grønstruktur og friluftsliv	2	-1	Delvis negativ	Omsynssone for friluftsområde Folkestadåsane, kartlagt som svært viktig friluftsområde (A). Det er ikkje	

				registrert sti i innspelsområde, men det går ein sti forbi området. Ein flytting av komposteringsanlegget vil gjere stien langs elva og området rundt meir attraktivt. Rallevegen brukast også av mjuke trafikantar som er på tur i området.
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Det kan produserast energi ved kompostering av organisk avfall, men ikkje ved ei open kompostering, slik det er ved eksisterande anlegg.
Klimagassutslepp	3	-1	Delvis negativ	Det må pårekna tungtrafikk frå og til anlegget. Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til utbygd areal ville føre til auka klimagassutslepp. Tilbakeføring av areal til friluftsformål gir positiv effekt.
Transportbehov og trafikktrykkleik	1	-2	Delvis negativ	Det må pårekna tungtrafikk frå og til anlegget. Noko som kan vere negativ for mjuke trafikantar som ferdast langs Rallevegen. Det er dårleg tilgang til kollektivtrafikk.
Teknisk infrastruktur	1	-2	Delvis negativ	Rallevegen er kommunal veg. Det er ikkje V/A eller straum i området som kan legge til rette for alternativa til open kompostering.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Påverkar ikkje sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	2	-1	Usikker	Kan påverka friluftsliv og tilgang til naturterren negativ. Det vurderast som positiv om eksisterande komposteringsanlegg flyttast lengre unna turstien.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	-1	Usikker	Det er ikkje kjennskap til om området blir brukt av barn og unge. Området ligg ikkje i nærleik til typiske målpunkt for barn og unge.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	1	Positiv	Ingen registrert naturfare i området, ligg over marin grense. To moglege tilkomstvegar og omtrent 1 km til nærmeste fylkesveg.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	1	-1	Usikker	Rallevegen er ei kommunal veg, om tungtrafikken aukar i samband med tiltaket kan dette medføra auking i driftskostnader knyta til vedlikehald av vegen.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Ingen tema i tråd eller i strid med samfunnsdelens arealstrategiar. I utgangspunkt er det ikkje ønskeleg med meir næringsareal inn i viktig friluftsområde. Ei flytting av eksisterande komposteringsanlegg på motsatt side av vegen kan derimot også ha positive konsekvensar for friluftsliv, da anlegget da flyttast lengre unna registrert tursti og elva. Det er ein fordel med samlokalisering av næring, dersom det vurderast som nødvendig med næring i dette området.

Tiltaket medfører ei risiko for forureining og krevjer løyve etter forureiningslova. Det blir vurdert at ei open komposteringsløysning, slik det blir brukt ved eksisterande anlegg, bidrar negativ til klimaregnskapet. På bakgrunn av dette bør ei vurdere alternative løysningar for kompostering, om eksisterande anlegg først vurderast flyttet. Alternative kompostering løysningar kan også bidra positiv til å minske luktdanning eller i beste fall bidra positiv til energiproduksjon og klimaregnskap, i motsetning til ei open anlegg. Tilbakeføring av areal til friluftsformål gir positiv klimaeffekt.

Konklusjon

Innspellet kan tilrådast som Næringsformål

Eksisterande kompostanlegg takast med i reguleringsplan og opparbeidast som friluftsområde med rekkefølgekrav om tilbakeføring før nytt anlegg vert tatt i bruk.

Det må stillast krav til vurdering av traffikktryggleik langs Rallarvegen og behov for barrierer som hindrar spreieing av skogbrann i reguleringsplan.

ROS innspel nr. 32 – gnr/bnr 1/8

Sårbarheit:

Eksisterande barrierar: Ingen kjente barrierar

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Skog/lyngbrann	Høg	K1	K3	K2	Skogbrannfaren i Telemark har en antatt sannsyn på >10% per år. Tiltaket legg i liten grad til rette for opphold i området og konsekvens for liv/helse vurderast som små, blant anna pga. tilknyting til veg og god tilkomst til området. Konsekvensen for materielle verdiar er usikker avhengig av utforming av det nye anlegget. Potensiell konsentrert danning av gassar ved ei komposteringsanlegg kan medføre augt eksplosjonsfare ved skogbrann.
Mjuke trafikantar	Middels	K2	K1	K1	Folkestådåsen er eit populær friluftsområde. Det må reknast med at mjuke trafikantar ferdast regelmessig på Rallevegen. Tungtrafikk og mjuke trafikantar på ein forhaldsvise smal veg kan auka risiko for påkøyrsel i samband med dårlege siktforhald eller aktløyse trafikantar.

Uvisse:

Det er ikkje kjennskap om utforming av anlegget, noko som gir usikkerheit i vurdering av konsekvens ved evt. skogbrann.

Oppfølging i plan:

Det må stillast krav til vurdering av traffikktryggleik og behov for barrierer som hindrar spreieing av skogbrann i reguleringsplan

6.1038, Hørte, gnr./bnr. 188/35

					<p>Område: Hørte Areal: 10 daa Føremål: Næring</p> <p>Eksisterande arealbruk: barskog (hogd i stor grad, mykje køyring i området) Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: PlanID: 10042002, Jord- og skogbruk</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse	
Ureining og støy	2	-2	Delvis negativ	Sør av området ligg eit viktig område for naturmangfald. Støybelastning i samband med tungtrafikk langs Sætrevegen ikkje kartlagt, men ein auke i tungtrafikk vil medføre meir støy. Men ønska tiltak planlegg for parkering av laustraller i direkte nærleik til tursti og bustadområde.	
Jordvern og sikring av jordressursar	3	-2	Einsidig negativ	Dyrkbar jord i heile området. Ei utbygging påverkar landbruket negativt.	
Naturmangfald	2	-1	Usikker	Det er fleire arter av forvalningsinteresse/områder med eit stor tall registrerte trudde fuglearter i nærleiken. Det er usikkert korleis ei føremålsendring i området ville påverke nemnte fugleartane.	
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-2	Delvis negativ	Det er ingen registrerte vassressursar eller lausmasseressursar innanfor området. Ligg i området med antatt betydeleg grunnvasspotensial.	
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.	
Landskap og byrom	1	-1	Delvis negativ	Området ligg 10m høgare enn tursti. Ei føremålsendring ville gjer inngrep i ei landskapsrom med typiske kvalitetar for området.	
Grønstruktur og friluftsliv	2	-1	Delvis negativ	Ligg delvis innanfor friluftsområde kartlagt som viktig (B). Det ligg ei tursti ved området. Ei føremålsendring kan få negativ innverknad på området langs turstien.	
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikkje energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.	
Klimagassutslepp	1	1	Positiv	Ønska arealbruksendring ville i liten grad utgjer ei forskjell i klimagasregnskapet for området. Ei	

				evt. auke i tungtrafikk i området vil auke utslepp av klimagassar noko. Ei utbygging i dette området er i samsvar med ABC-prinsippet for næringsareal. Ligg ved eit allereie eksisterande industriområde.
Transportbehov og trafikktrykkleik	2	-3	Einsidig negativ	Det må pårekna ein del tungtrafikk frå og til området. Utfordrande med tilkomst og manøvrering på eit smalt område. Det kan vere negativ for mjuke trafikantar som ferdast langs Sætrevegen. Det er ikkje gangfelt/fortau langs Sætrevegen per i dag. Kort avstand til kollektivtilbod, nærmeste haldeplass for lokalbuss er Snippen langs Sætrevegen.
Teknisk infrastruktur	2	-2	Delvis negativ	Offentleg infrastruktur i området, men utbetring av tilhøve for mjuke trafikantar må vurderast. Ei reguleringsplan frå 2002 legg til rette for ein alternativ vegtrase, men lange køyretøy kan ikkje snu her.
Sosial infrastruktur	2	0	Ingen relevans	Ikkje relevant
Folkehelse og universell utforming	3	-1	Delvis negativ	Tursti langs området. Om tydeleg avgrensing av formålet, går ikkje endra arealbruk utover turstien. Men mykje tungtrafikk i området kan opplevast som sjenerande (støy, støv, lukt, negativ estetisk effekt).
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	2	-2	Delvis negativ	Tursti i samanheng med bustadområde er antakeleg eit målpunkt for barn og unge i området. Ønska arealbruk kan vere i konflikt med barn og unge sine interesser i området
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-2	Delvis negativ	Ingen naturfare i området, men ligg på toppen av ei bratt skråning under marin grense. Fleire moglege tilkomstvegar og cirka 500 meter til fv.3336/8.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	2	-3	Einsidig negativ	Det er regulert ei ny vegtilkomst i nærområdet (2002, men per i dag ikkje realisert). Det er mogleg tiltaket gir auka behov for vedlikehald av eksisterande kommunal veg inn i området og ei aukande etterspørsel etter trafiksikkerheit i området, dersom det vert oppnå for meir næringsareal i området og i tett nærleik til tursti.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i strid med arealstrategiane 6, 7 i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Tilkomstvegen vurderast som potensielt trafikkfarleg, der tungtrafikk, mjuke trafikantar, barn og unge ferdast i same vegbane. Eit eksisterande næringsområde ligg på andre sida av vegen. Eit næringsareal her vil vere avgrensa av byggegrense mot veg og byggegrense mot skråning i vest. Næringsareal i området bør avgrensast tydeleg med tanke på trafikksikkerheit i området og skjerming av turområdet mot støy og anna forureining.

Konklusjon

Innspelet kan ikkje tilrådast.

Av omsyn til trafikktryggleik og jordvern kan ikkje innspelet tilrådast.

ROS innspel nr.38 – gnr/bnr 188/35

Sårbarheit: ingen spesielle.

Eksisterande barrierar: Ingen kjente

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Skredfare/ras/ Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	K1	K2	K3	Området ligg under marin grense og på toppen av ei skråning. Reel geofare og eventuelle byggtekniske sikkerheitsklassar må vurderast og fastsettast i samband med reguleringsplan.
Verksemder med fare for brann og eksplosjon	Låg	K1	K1	K2	Lastraller utgjer ikkje noko spesielt brannfare, men lasten kan potensielt vere brannfarleg. Konsekvensane vurderast å vere primært materiell skade.
Mjuke trafikantar	Middels	K2	K1	K2	Trafikksituasjon i området utgjer en sannsynleg fare for påkøyring av mjuke trafikantar. Mjuke trafikantar og tungtrafikk ferdast på same vegbane langs ein stadvis uoversiktleg veg gjennom eit bustadområde.
<u>Uvisse:</u> Det er ikkje kjennskap om det er planlagt lagring av tomme lastraller eller om dei også kan vere lasta. Det foreliggjar ikkje ei detaljert trafikkvurdering av området.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til geoteknisk undersøking og vurdering av trafikktryggleik i reguleringsplan.					

6.1142, Brenna, gnr./bnr. 191/29,30

					<p>Område: Brenna Areal: 13 daa Føremål: Næring</p> <p>Eksisterande arealbruk: Planteskole, dyrka jord Kommuneplan: LNF Reguleringsplan: PlanID 10052003,10082011 Planforslag: 10142018 Rv 36 Gvarv-Mannebru, G/S-veg Landbruksområde</p>
Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse	
Ureining og støy	1	-1	Usikker	Ligg inneklemt mellom Rv36 og areal satt av til næring Det er ikke kjennskap om tiltak i området ville bidra til auka forureining.	
Jordvern og sikring av jordressursar	3	-2	Einsidig negativ	Dyrka jord 5,7 daa i området. Ei utbygging påverkar landbruket negativt.	
Naturmangfold	2	-1	Delvis negativ	Arter av stor forvalningsinteresse i nærleiken av området. Utvalt naturtype ved Torshøl-evja, cirka 100 meter frå innspelsområdet, er lokalt viktig. Mindre landbruksareala i blant utbygd areal og infrastruktur kan fungere som ein naturleg buffer og eit viktig areal for fleire artar.	
Vassressursar og lausmasseressursar	2	-2	Delvis negativ	Elveavsetning. Antatt betydeleg grunnvasspotensiale, fleire lausmassebrønnar for vassforsyning i ved Torshøl. Ei utbygging vil kunne få konsekvensar for vassressursar i nærleiken.	
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området.	
Landskap og byrom	1	1	Ingen relevans/Positiv	Ligg ved Brenna industriområde og langs rv.36. Området vurderast til å ha lite estetisk verdi og ligg ikkje eksponert mot viktige utfartsområda. Området grensar mot næringsareal på alle sider. Ei utviding av næringsføremål her vil kunne verke utfyllande.	
Grønstruktur og friluftsliv	1	0	Ingen relevans	Ligg inneklemt mellom rv.36 og næringsområde på tre sider. Det ligg ikkje tursti i nærleiken.	
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er energiproduksjon (energibrønnar) i nærleiken av området (ved Torshøl). Potensial for energibrønnar. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.	

Klimagassutslepp	1	2	Positiv	Området har ingen vesentleg verdi for binding av klimagassar. Ei utbygging i dette området er i samsvar med ABC-prinsippet for næringsareal. Ligg ved hovudveg i eit allereie eksisterande industriområde. Det føreligg ei planforslag om å etablere ei G/S veg forbi området.
Transportbehov og trafikktrykkleik	3	1	Positiv	Dersom området nyttast til publikumsintensiv næring, så vil transportbehovet vere stort. Tiltaket må ikkje komme i konflikt med eksisterande planforslag og reguleringsplanar i tilgrensande område. Ligg ved rv.36 og haldeplass like ved området.
Teknisk infrastruktur	2	1	Positiv	Området kan koplast til eksisterande infrastruktur. Ein trafikksikker tilkomst til området må antakeleg sikrast via Torshølvegen, om området byggast ut. Det er planlagt G/S veg forbi området.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Tiltaket påverkar ikkje sosial infrastruktur
Folkehelse og universell utforming	1	0	Ingen relevans	Utbygginga har ingen negativ innverknad for folkehelse eller friluftsliv. Området er ikkje brukt til rekreasjon i dag.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	0	Ingen relevans	Det er ingen kjente målepunkta for barn og unge i området.
Samfunnstryggleik og beredskap	2	-2	Delvis negativ	Flaumsone for 20-års- og 200-års-flaum går delvis innanfor området i nordvest. Området ligg under marin grense, men er ikkje registrert som kvikkleireområde.
Kommuneøkonomi – drifts- og investeringskostnader	1	0	Ingen relevans	Ei evt. næringsutbygging i dette område medfører antakeleg ikkje betydelege nye driftskostnader for kommunen.

Samla vurdering og eventuelle alternativ:

Arealinnspelet er i tråd med arealstrategi 5 i kommuneplanen sin samfunnssdel. Arealinnspelet er i strid med arealstrategi 6 i kommuneplanen sin samfunnssdel.

Føresetnad for at innspelet er i tråd med arealstrategien er at det ikkje vert opna for detaljhandel.

Ønska tiltak i området med dyrka mark er i strid med overordna prinsipp. Det er ikkje kjennskap om at det er store samfunnsmessige interessa forbunda med ønska tiltak i området som gjer at ei alternativ vurdering av tiltaket med omsyn til dyrka jord er naudsynt på dette tidspunkt. Slike opne områdar mellom utbygde områdar og infrastruktur kan også ha en viktig funksjon som buffersone for naturmangfald.

. Der er også stor usikkerheit knyta til vegtilkomst til området. Tilkomst til ny næringsområde her bør sikrast via Torshølvegen, sidan det allereie er etablert ein avkjøring frå Rv.36 til Brenna industriområde/Torshølvegen cirka 350 meter lengre sør-aust.

Delar av området ligg innanfor flaumsone og under maring grense, og flaumsikring og geoteknisk undersøkelse må utførast samband med reguleringsplan.

Konklusjon

Innspelet kan tilrådst som Næringsformål

Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og geoteknisk undersøkning i reguleringsplan. Tilkomst til området må avklarast i reguleringsplan.

I reguleringsplan må det gjerast greie for korleis dyrka jord som fjernast vert ivaretatt.

ROS innspele nr.42 – gnr/bnr 191/29,30

Sårbarheit: Ingen spesielle.

Eksisterande barrierar: Ingen kjende barrierar.

Uønska hending	Sannsyn (Høg – Middels- Låg)	Konsekvens (1-låg, 2- middels, 3-høg)			Forklaring
		Liv/ helse	Stabil- itet	Materielle verdiar	
Flaum/storflaum	Middels	K1	K2	K3	Flaumsone for 20-års- og 200-års-flaum går delvis innanfor området i nordvest, og ligg elles i grensa til området. Det vurderast at det er primært materielle verdiar som kan bli påverka av ei evt. flaum i området.
Skredfare/ras/ Ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord og fjell)	Låg	K1	K2	K3	Området ligg under marin grense. Reel geofare og eventuelle byggtekniske sikkerheitsklassar må vurderast og fastsettast i samband med reguleringsplan.
Ulukkespunkt	Høg	K1	K1	K2	Det er registrert fleire trafikkulykker på rv.36 like ved innspelsområdet. Nye vegar og avkjøyrslar må følgje krava i vegnormalane.
<u>Uvisse:</u> Ingen kjente.					
<u>Oppfølging i plan:</u> Det må stillast krav til dokumentasjon om flaum og geoteknisk undersøkning i reguleringsplan.					

6.1233, Folkestadåsen, gnr./bnr. 9/2



Tema	Verdi	Omfang	Konsekvens	Forklaring og uvisse
Ureining og støy	-2	-1	Delvis negativ	Masseuttak, nokon grunnforureining registrert i nærlieken (Revdalen avfallsdeponi og Djupelgrop), men ikke i innspelsområdet. Støy og støv i samband med massetak. Ingen spesiell sårbare kjente resipientar i nærlieken.
Jordvern og sikring av jordressursar	1	0	Ingen relevans	Det er ikke registrert dyrka eller dyrkbar mark innanfor området. I stor grad uproduktiv barskog. Ei utbygging påverkar ikke landbruket.
Naturmangfald	1	0	Ingen relevans	Ingen kjente viktige naturverdiar i området.
Vassressursar og lausmasseressursar	1	2	Positiv	Ingen registrerte brønnar knytt til vassforsyning, men ligg i utkanten av område med antatt grunnvasspotensiale. Resursområde for pukk med lokal betydning i delar av innspelsområde. Innspelsområde er litt større en kartlagt ressursområde.
Kulturminne og kulturmiljø	1	0	Ingen relevans	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor området
Landskap og byrom	1	-1	Delvis negativ	Landskapet er godt skjerma av skogen rundt, og ligg ikke eksponert til viktige utfartsområda. Området ligg i forlenging av ei eksisterande massetak. Det vurderast at ønska utviding ikke er ei inngrep i urørt landskapsrom, men i et landskap med typiske kvalitetar for området. Det er naudsynt med ei vurdering om etterbruk når drifta blir avvikla.
Grønstruktur og friluftsliv	3	-2	Einsidig negativ	Området ligg i omsynssone viktig friluftsområde (KPa), kartlagt som svært viktig friluftsområde (A). Det er fleire uregistrerte stiar i området og i nærlieken som kan bli påverka av ein utviding av dagens massetak område. Området er elles i liten grad

				tilrettelagt for friluftsliv (for eksempel med parkering, registrerte stiar).
Energiproduksjon	1	0	Ingen relevans	Det er ikke energiproduksjon i området i dag. Ei utbygging vil kunne legge til rette for alternative energiformer som solcellepanel.
Klimagassutslepp	3	-3	Einsidig negativ	Heile området er dekt med skog. Ei arealendring frå skog til masseuttak ville føre til auka klimagassutslepp. Tilbakeføring til friluftsformål etter avslutta drift kan vere med å kompensere for tap av skog.
Transportbehov og trafikktrykkleik	1	1	Positiv	Det legg til rette for tungtransport frå og til området. Det er noko spreitt busetting langs tilkomstvegen. Det forutsetjast at tiltak i området ikkje endrar trafiksikkerheita langs tilkomstvegen samanlikna med i dag.
Teknisk infrastruktur	1	1	Positiv	Teknisk infrastruktur i området legg til rette for gjennomføring av tiltaket.
Sosial infrastruktur	1	0	Ingen relevans	Tiltaket påverkar ikke sosial infrastruktur.
Folkehelse og universell utforming	2	-2	Delvis negativ	Det er ikke registrerte stiar rett i nærleik til området, sjølv om området ligg inn i eit svært viktig friluftsområde (A). Området blir brukt til friluftsliv, men verkar i svært liten grad tilrettelagt. Nærleiken til eksisterande massetak gjer at området er utsett for støy/inngripande tiltak. Jo lengre inn i åsen uttaket går, jo mindre buffer blir det mot støy frå massetaket.
Bumiljø og oppvekstvilkår for barn og unge	1	-1	Usikker	Det er ikke kjente målpunkt for barn og unge i dette området.
Samfunnstryggleik og beredskap	1	1	Positiv	Det er ikke kjennskap om naturfarar i område. Området ligg over marin grense. Det er forhaldsvist kort veg til fylkesveg. Tilkomstvegen er dimensjonert for tungtransport og dermed antakeleg også egna for utrykkingskøyretøy.
